

Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Håvar Dale
Dalsvegen 247
2940 HEGGENES

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

BØHMAR - 26/5897

Arkiv:

4/150, L33

Vår dato:

08.06.2026

Saksnr.	Utval
153/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
114/26	Kommunestyret

Vedtak om deling - 4/150 Frådeling av areal

Tiltak: Frådeling
Eigedom: Gbnr: 4/150
Tiltakshavar: Håvar Dale

Delegasjonssak nr.: 153/26

Vedtak


I samsvar med Øystre Slidre kommune sitt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren ved leiar av Næring, plan og byggesak søknad om frådeling av eitt areal på om lag 133 m² som omsøkt frå eigedom gnr. 4 bnr. 150.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, litra m.

Bakgrunn for saka

Øystre Slidre kommune v/Teknisk søker på vegner av heimelshavrane om frådeling av eit areal frå eigedomen deira, gbnr. 4/150. Heimelshavrane til eigedom gbnr. 4/150 er Håvar Dale og festar Beitostølen Hytter & Camping AS.

Arealet skal nyttast til føremål skiløype og fortau/gangveg/annan veggrunn i samsvar med reguleringsplanen, og har eit areal på om lag 133 m².




Figur 1 og 2: 1. utsnitt av topografisk grunnkart og 2. utsnitt av reguleringsplankart

Saksutgreiing

Grunneigar Håvar Dale og festar Beitostølen Hytter og Camping AS har inngått avtale med Øystre Slidre kommune om vederlagsfri overtaking av areal for felles infrastruktur.

Det omsøkte arealet er regulert til skiløypetrase og gangveg/fortau/annan veggrunn og inngår i reguleringsplanen for Gangveg til skistadion, vedteken 31.01.2019, og endra den 22.05.2025.

Omsøkte frådeling ligg innanfor aktsemdssone for flaum, jf. gjeldande faresonekartlegging. I reguleringsplanen er det teke omsyn til konsekvensar knytte til overvatn, og naudsynte tiltak er sikra gjennom føresegnene til planen.



Figur 3: utsnitt av naturfarekart som viser aktsemdssone for flaum

Vurdering:

Frådeling av ny grunneigedom, eller endring av eksisterande eigedomsgrenser, skal i medhald av pbl § 26-1 gjerast på ein slik måte at det ikkje oppstår forhold som er i strid med pbl, forskrift eller plan. Frådeling eller endring som nemnt, må heller ikkje gjerast slik at det blir danna tomter som er ueigna til busetnad på grunn av storleiken sin, form eller plassering. Vidare følgjer det av pbl § 28-1 at grunn berre kan byggast ut, eller eigedom blir oppretta eller endra, dersom det er tilstrekkeleg sikkerheit mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold. Det same gjeld for grunn som blir utsett for fare eller vesentleg ulempe som følgje av tiltak.

Omsøkte frådeling er i tråd med gjeldande reguleringsplan for Gangveg til skistadion. Kommunen er ikkje kjent med andre forhold som strid mot vilkåra i pbl §§ 26-1 og 28-1.

Tilhøve om overvatn er avklarte gjennom reguleringsplanen.

Omsøkte frådeling er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-12. Ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med forvaltningsmål for artar og naturtypar. Frådelinga kan såleis godkjennast etter naturmangfaldlova.

Omsøkte frådeling er vurdert etter kulturminnelova §§ 3-11. Ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med forvaltningsmål for automatisk freda kulturminne. Frådelinga kan såleis godkjennast etter kulturminnelova.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i forklaringa ovanfor har kommunedirektøren kome fram til at frådelinga kan godkjennast som omsøkt.

Gebyr

Øystre Slidre kommune v/Teknisk drift må betale eit gebyr på kr. 6.683,- for handsaming av delingssøknad etter PBL § 20-1 bokstav m, jf. kommunen sitt gebyrregulativ. I tillegg kjem gebyr for oppmåling og tinglysing.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Martina E. Böhme
Saksbehandlar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:

Øystre Slidre
kommune

Finntøppvegen 2A 2953

BEITOSTØLEN

Mottakar
Beitostølen Hytter &
Camping AS

